

Fra: Geir Smith <geir-smi@online.no>
Sendt: onsdag 22. mars 2023 15:37
Til: Postmottak Alver
Emne: Ønskje om endring i matrikkelregistreringa.

Alver kommune

Søkjar: Smiths møte- og selskapslokale v/Geir Smith, Radøyvegen 1620, 5936 Manger, Gbnr: 445/250.

Me ber om ei endring i matrikkelregistreringa på ovannemnde eigedom. I 1994/95 vart den delen av bygget som tidlegare var brukt som utleigerom (pensjonat),bygd om til to leiligheiter. Dette vart gjort i full forståing med Radøy kommune, og me reknar med at det finst saksdokument på bruksendringa.

Bakgrunnen for ønsket om oppdatering er at BKK ikkje kan tilrå straumstøtte ut frå det som no kjem fram i matrikkelregisteret. Me vil sjølvsagt ikkje få noko form for straumstøtte til næringsdelen av bygget, men leigetakarane våre er mildt sagt misnøgde med at heller ikkje dei kjem bort i noko form for støtte.

Håpar det er mogeleg å endra på dette.

Mvh
Geir Smith